

Bergen, 1.september 2021

Vestland fylkeskommune

## Vestland må krevje ny politikk på kraftområdet

*Innspel til handlingsprogram 2022-2025 –*

*«Berekraftig verdiskaping» - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling:*

Næringsalliansen er invitert inn som ei referansegruppe i arbeidet med handlingsprogram 2022-2025 for «Berekraftig verdiskaping» - Regional plan for innovasjon og næring. Vi er takksame for dette, og vi opplever at fylkeskommunen er ein lyttande samarbeidspartnar. Det er korte fristar før eit framlegg blir send til politisk handsaming. Vi ønskjer difor alt no å gi eit tydeleg varsel om ei sak som bør prioriterast svært høgt i programperioden.

Det er ei kjensgjerning at store delar av Vestland fylke manglar den elektriske krafta som trengs for å løfte næringslivet gjennom det grønne skiftet. Rekkja er etter kvart lang over verksemdar som planlegg grønne nyetableringar, utan at tilgjengeleg kraft kan førast fram.

Næringsalliansen meiner at Vestland fylkeskommune – gjerne i samarbeid med Rogaland og Møre og Romsdal – må setje seg mål om at norsk kraftpolitikk må endrast vesentleg. Det kan ikkje lenger vere slik at tilgjengeleg kraft vert tildelt etter eit «først til mølla»-prinsipp. Kraft må tildelast dei etableringane som kan vise til størst samfunnsøkonomisk lønsemd, verdiskaping og sysselsetjing. Kraftkrevjande tiltak som til dømes ikkje kan dokumentere ein auke i arbeidsplassar, må prioriterast lågare enn dei som medverkar til høgare, berekraftig sysselsetjing.

Det er komplisert og tidkrevjande å føre fram ny kraft frå norske fjell til kyststroka. Vestland fylkeskommune må arbeide for at sentrale styresmakter tillét underliggende etatar og føretak (Statkraft, Statnett, NVE) å utgreie fleire framføringsalternativ enn det isolert sett billegaste. Val av høgspenningmaster vil ofte sjå ut som ei lågare investering, men det må òg takast prosessøkonomiske omsyn. Tidsbruken er avgjerande, slik situasjonen er no. Det er dessutan eit spørsmål om det i det heile er praktisk mogleg å byggje høgspenningmaster i fri, norsk natur. Den seinare tids konflikter knytt til vindkraft på land og – før det - striden om «monstermastene» i Hardanger vitnar om store meirkostnader.

Tilgangen på rein kraft må løysast slik at det gagnar alle delar av Vestland fylke. Her vert «Grøn Region Vestland» - den regionale vidareføringa av «Vestlandscenarior 2020» - ein viktig premissgjevar. Regionane – med sine fortrinn og særskilde utfordringar – skal utfylle kvar andre, ikkje konkurrere om tilgjengeleg kraft.

Næringsalliansen vil elles vise til høyringsuttalen til regionalplanen, levert frå oss den 26.mars 2021. Når eit utkast til handlingsprogram ligg føre frå fylkesadministrasjonen, vil det vere naturleg for alliansen å utdjupe våre synspunkt på kompetanse, eksportgap og sterkare regionalt samspel.

Beste helsing



Espen Børhaug  
Næringsalliansen

Mail: [espen@bergen-chamber.no](mailto:espen@bergen-chamber.no)

Mobil: 918 45 600